

Personvernerklæring Herøy folkebibliotek

Personvernerklæringa fortel korleis Bibliotekenes IT-senter AS samlar inn og nyttar personvernopplysningar på vegne av kundane sine. Bibliotekets IT-senter er datahandsamar for fleire bibliotek i Noreg, Sverige, Finland og Danmark. Herøy folkebibliotek er eit av desse.

Behandlingsansvarleg

Administrerande direktør i Bibliotekenes IT-senter er *handsamingssansvarleg for verksemda si behandling av personopplysninar*. Det kjem fram under kvar punkt der det daglege ansvaret er delegert. Delegeringa omfattar berre oppgåvene og ikkje ansvaret. Erklæringa inneheld opplysningar som du har krav på når det vert samla inn personopplysningar (personopplysningslova §19) og generell informasjon om korleis vi handsamar personopplysningane. (personopplysningslova § 18 1.ledd)

Personopplysningar som vert samla inn

Dagleg ansvar : Herøy folkebibliotek v/bibliotekleiaren

Biblioteket sitt datasystem Mikromarc lagrar desse personopplysningane om lånar :

*Namn

*Adresse/midlertidig adresse

*Fødselsdato

*Kjønn

*Telefonnummer

*E-postadresse

*Val knytt til om meldingar vert ynskt motekne på e-post, SMS eller som brev

*Lånegruppe (born, vaksen osv)

*Språk

*Strekkode på lånekort

*Pin/passord

*Heimehøyrande bibliotek

*Informasjon om lånekort er knytt til Nasjonalt lånekort

*Personnummer (Dersom lånekortet er knytt til Nasjonalt lånekort)

*Informasjon om born (dersom biblioteket og lånar ynskjer det)

- *Informasjon om føresette (dersom biblioteket og lånar ynskjer det)
- *Opplysning om eventuelle sperring for lån, årsak og dato for sperring,.
- *Utløpsdato for nasjonalt lånekort
- *Melding til lånar
- * Intern melding om lånar
- *Aktive lån
- *Historiske lån inntil 14 dagar etter innlevering, lenger ved individuell avtale med lånar
- *Aktive reserveringar
- *Aktive fjernlånsbestillingar
- *Bruk av nettstad (vert sletta kvar veke)
- *Informasjonskapslar

Informasjonskapslar

Informasjonskapslar (cookies) er små tekstfiler som vert plassert på datamaskina di når du lasta ned ei nettside. I Mikromarc vert informasjonskapslar brukt i følgende tenester:

Mikromarc Websøk

Mikromarc Mobilweb

Mikromark+ for personale

Informasjonskapslane gjer brukaropplevinga betre, den huskar m.a påloggingsinformasjonen.

Bibliotekenes IT-senter nyttar ikkje informasjonskapslar til å generere statistikk, difor kan vi ikkje spore bruken din av Mikromarc tilbake til deg som enkeltperson. Mikromarc nyttar cookies, også kalla informasjonskapslar.

Lagring og bruk av informasjon er ikkje tillate med mindre brukaren har godkjent at informasjonen vert lagra og er informert målet med lagring og måten informasjonen vert brukt.

Ved å halde fram med å nytte Mikromarc godkjenner du at informasjonskapslane vert lagra på di maskin, sidan dei fleste nettlesarprogram automatisk lagra desse.

Det fins to typar informasjonskapslar. Den eine lagrar ei fil på brukaren si datamaskin. Den vert brukt til å huske brukaren sine preferansar og innstillingar mellom sesjonane. Den andre typen er ei midlertidig fil som berre vert lagra under aktiv bruk og vert sletta så fort vindauget til nettlesaren vert lukka. Det vert ikkje lagra personleg informasjon om brukaren. I Mikromarc vert begge informasjonskapslane brukt til å lagre brukaren sitt språkval og beskytte mot dataangrep. Dersom du ikkje godtek bruk av informasjonskapslar, kan du skru den av i innstillingane til nettlesarprogrammet. Mikromarc brukar også informasjonskapslar

til å sikre bruken av applikasjonen, dersom ein ikkje godtek informasjonskapslar vil mykje av nettstaden ikkje fungere. Det vert ikkje tilrådd.

Formål med lagring av personopplysningane

Personopplysningane vert lagra for at biblioteka skal kunne administrere utlån av bøker og anna til lånarane, samt andre tenester.

Heimel for lagring av personopplysningar

Hovudgrunnlaget for behandling av personopplysningar finns i Personvernforordninga (GDPR) sin artikkel 6 1 a) : « den registrerte har gitt samtykke til behandling av sine personopplysningar for ett eller flere spesifikke formål». Du skal ha fått informasjon om lagring av personopplysningar og gitt ditt samtykke då du vart registrert som lånar. I nokre tilfeller baserer også lagringa seg på artikkel GDPR 6 1 c: «Behandlingen er nødvendig for å utføre en oppgave i almennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt.» Biblioteka er pålagt å samle inn statistikk over bruken av biblioteket. Statistikken kan ikkje identifiserast på personnivå og vert gitt til nasjonalbiblioteket.

Utveksling av personopplysningar

Adresseopplysningar og enkelte andre opplysningar vert utveksla med Nasjonalt låneregister, ei database som effektivt gjer det mogleg å nytte same lånekort i mange bibliotek i Norge. Det vert ikkje utveksla opplysningar om lån, reserveringar, gjeld, svartelisting og andre forhold mellom lånar og det enkelte bibliotek.

Nasjonalbiblioteket og biblioteksystemleverandørane i Norge står bak Nasjonalt låneregister, og det ligg ein databehandlaravtale mellom desse.

Innsyn og sletting av personopplysningar

Dagleg ansvar: Herøy folkebibliotek v/bibliotekleiaren

Du kan krevje innsyn i personopplysningar som er lagra om deg, og du kan krevje at opplysningane vert endra eller sletta innan ein månad. Ver merksam på at nokre opplysningar er nødvendige for at du skal kunne vere lånar på biblioteket.

Innlogging på biblioteket sine heimesider (Meg og mitt) gir nesten all informasjon biblioteksystemet har lagra om deg. Ta kontakt med biblioteket dersom du vil ha innsyn i personopplysningane, eller ynskjer sletting.

Kontaktperson for personvern

Axiell Norge AS, Axiell Sverige AB og Axiell Finland Oy er databehandlar for bibliotek i Norge, Sverige og Finland.

Spørsmål knytt til personvern i biblioteksystemet Mikromarc kan rettes til Data Protection Officer Ann Maelerts ([Epost: dpo@axiell.com](mailto:dpo@axiell.com))

Ta kontakt med biblioteket ditt dersom du har spørsmål om lagring av personopplysningar :

Herøy folkebibliotek v/bibliotekleiaren (e-post: bibliotek@heroy.kommune.no,

telefon 948 89 342) eller med personvernombod i Herøy kommune:

E-post: lene.utseth@heroy.kommune.no Telefon: 46812890